# Menighetsbladet

Nr. 2 • Påsken • 2011 • 44. årgang

BORE KLEPP ORRE





Eit år av ei anna verd



Tårnagenthelg



På veg mot ny kyrkje i Klepp

OBS OBS Kyrkjekontoret er stengt 20. april (onsdag før skjærtorsdag)


Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 6 gonger i året.

Redaksjonskomité:
Einar Egeland
Anne Håkonsholm
Arvid Hareland
Ingunn D. Aandal - kontaktperson

Layout: Linda Aanestad
Forsidebilde: Einar Egeland
Trykk: Olsson as

Postadresse:
Menighetsbladet
- Postboks 101
- 4358 Kleppe

- Telefon: 51 78 95 55
- e-post:
menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239


Neste nummer kjem ut 09. juni

## STOFF MÅ LEVERAST INNAN 12/05

(Med forbehold om ledig plass)

Surf innom
www.klepp.kirken.no
eller
www.klepp.kyrkja.no

Der vil du finne mykje
nyttig informasjon.
Velkomen!

# KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP KYRKJEKONTOR

| | |
|---|---|
| Besøksadresse: | Kleppvarden 2, 4352 Kleppe |
| Postadresse: | Postboks 101, 4358 Kleppe |
| Telefon: | 51 78 95 55 |
| Telefaks: | 51 78 95 50 |
| e-post: | kontor@klepp-kirken.no |

e-post Menighetsbladet: menighetsbladet@klepp-kirken.no
Heimeside: www.klepp.kyrkja.no

KONTORTIDER

| | |
|---|---|
| Måndag - torsdag: | 08.30 - 14.30 |
| Fredag: | 08.30 - 12.30 |

Elles etter avtale

Frøyland og Orstad kyrkjekontor:
Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4355 Kvernaland
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland
Telefon: 52 97 31 50
Heimeside: www.fok.no

| | | |
|---|---|---|
| Bore kyrkje | 51 42 22 52 | |
| Soknerådet, Nikolai Homme | 51 42 00 77 | 900 53 744 |
| Frøyland og Orstad kyrkjelyd | | |
| Soknerådet, Sigve Klakegg | 51 48 75 83 | 900 21 677 |
| Klepp kyrkje | 51 42 16 39 | |
| Soknerådet, Svein Olav Nesse | 51 42 34 86 | 920 22 874 |
| Orre kyrkje | 51 42 23 46 | |
| Soknerådet, Bjørn Borgen | 51 42 86 94 | 900 19 534 |

TELEFONLISTE ANSATTE:

| **Namn** | **Direktenummer** | **Privat** |
|---|---|---|
| Kyrkjeverge, Dagbjørg Straume | 51 78 95 60 | 959 65 273 |
| Sekretær, Ingunn D. Aandal | 51 78 95 59 | 924 19 934 |
| Sekretær, Kari Haavardsholm | 51 78 95 55 | 992 66 752 |
| Sokneprest, Andreas Haarr | 51 78 95 51 | 977 16 339 |
| Sokneprest, Åsmund Steinnes | 51 78 95 52 | 402 01 978 |
| Sokneprest, Sigve Ims | 52 97 31 51 | 475 00 941 |
| Prest, Jarle Minnesjord | 51 78 95 54 | 970 66 145 |
| Prest, Frode Helvig | | 986 03 405 |
| Kantor, Anne Jordheim | | 480 59 844 |
| Organist, Ove Byberg | 51 78 95 58 | 926 67 300 |
| Organist, Arne Hadland, | 51 48 83 77 | |
| Musikalsk leiar, Hilde Svela | 52 97 31 53 | 482 45 034 |
| Diakon, Henny Lie Sandve | 51 78 95 56 | 473 02 252 |
| Kateket, Karsten Wilhelmsen Degnes | 51 78 95 53 | 450 48 726 |
| Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte | 51 78 95 57 | 478 70 004 |
| Ungdomsprest, Just Salvesen | 52 97 31 52 | 410 04 692 |
| Ungdomsarbeidar, Erlend T. Sørensen | | 984 56 322 |
| Ungdomsarbeider, Lars Meling Berge | | 905 11 316 |
| Ettåring, Helge Hovtun | | 412 58 660 |
| Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning | 51 78 95 61 | 900 35 471 |
| Kyrkjetenar Bore, Johannes Byberg jr. | | 464 16 040 |
| Kyrkjetenar Orre, Marit Hetland | | 900 66 798 |
| Kyrkjetenar, Sveinung Overøye | 52 97 31 54 | 406 05 750 |
| Klokkar Bore, Terje Idsø | | 51 42 18 09 |
| Klokkar Orre, Bjørn Borgen | | 51 42 86 94 |
| Klokkar Orre, Knut Terje Noraberg | 51 11 18 38 | 928 38 378 |
| Dagleg leiar Frøyland og Orstad, Bjarne Lemvik | 52 97 31 50 | 905 98 031 |

# Nytt fra fellesrådet



Det har vært en spennende første måned som kirkeverge her i Klepp. Jeg har brukt den første måneden til å bli kjent med arbeidet som drives og er imponert over alle frivillige medarbeidere som gjør kirken til det den er her i Klepp. I tillegg har vi en flott stab som jobber ut i fra de to kirkekontorene våre. Jeg har også besøkt to sokneråd og vil de neste ukene besøke de resterende sokneråd/styringsgruppe og delta på gudstjenester i menighetsfellesskapene våre:

| | |
|---|---|
| Bore kyrkje | 20. mars |
| Klepp kyrkje | 3. april |
| Orre kyrkje | 17. april |
| Klepp stasjon (Engelsvoll skole) | 1. mai |
| Frøyland Orstad kyrkje | 8. mai |

Jeg får alltid noen spørsmål om hva kirkevergens jobb går ut på. I Klepp har vi vi fire sokn som har hvert sitt sokneråd. Hver av disse har to representanter inn i Klepp kyrkjelege fellesråd hvor det også sitter en representant for kommunen og biskopen. Kirkevergen er daglig leder for fellesrådets virksomhet som blant annet er arbeidsgiver for kirkens ansatte (utenom statsfinansierte prester) og forvalter av kirker og kirkegårder. I rammen under er det en liten oversikt over kirkevergens oppgaver.

**Utlysning av stilling**

Klepp kyrkjelyd og Kleppe bedehus har gått sammen om et spennende prosjekt. De finansiere en stilling som ungdomsarbeider i 80 – 100 %. Stillingen er tenkt oppstart fra 1. august.

**Uteanlegg Frøyland Orstad kyrke**

Formannskapet gikk i sitt møte i februar inn for å gi et ekstra tilskudd på kr. 700 000,- til uteanlegget ved Frøyland Orstad kirke. Dette er svært gode nyheter som gjør at vi er et steg videre mot å få til en sluttføring av dette prosjektet.

**Kirkevergens oppgaver**

- Forberede og følge opp saker for fellesrådet
- Være sekretær for fellesrådet
- Ha ansvar for løpende administrasjon, personalledelse, kirkegårdsdrift, økonomi og eiendomsforvaltning
- Fatte vedtak etter delegasjon
- Kontakt med kommunens administrasjon
- Initiere tiltak for utvikling og strategi

Dagbjørg Straume
Kyrkjeverge

## Ønskjer du nokon å snakka med?

Du er velkomen til å ta kontakt med prest, kateket og diakon for samtale.

Diakon Henny Lie Sandve
tlf. 51 78 95 56

Sokneprest Andreas Haarr (Klepp)
tlf. 51 78 95 51

Sokneprest Åsmund Steinnes (Bore)
tlf. 51 78 95 52

Kateket Karsten Degnes
tlf. 51 78 95 53

Prest Jarle Minnesjord (Orre)
tlf. 51 78 95 54

Prest Frode Helvig (Klepp Stasjon)
tlf. 986 03 405

# Eit år av ei anna verd



No har eg budd her i Ngaoundéré i fem månadar og har berre ein einaste liten månad igjen. Eg har begynt å leggja slagplanar for korleis eg skal klara å smugla barneheimsungane med meg heim og dagane går berre fortare og fortare. Sidan sist har vi byrja som deltakarar på eit Alphakurs i kyrkja vi går i, og vi kan med stoltheit sitja og forstå mest alt som blir sagt. Det er veldig spanande å høyre korleis kamerunske prestar forklarar Bibelen mest prikklikt som ein norsk prest. Kjekt å sjå at trass alt så trur vi verkeleg på akkurat det same.

For å ta ein kjapp oppsummering av dei siste vekene, så har vi besøkt landsbyen Gadjiwan ei helg for å feire Ungdommens dag den 11. februar, vi har sett den nydelige fossen i Tello, vi har vore på gudsteneste i bushen, og for augneblinken har eg besøk av mine kjære foreldre. Med dei har eg vore på safari; såte på eit biltak i afrikansk villmark og sett både elefantar, sjiraffar og "antiløver" (alle antilopene som vi nokre spanande sekund trudde var løver), og vi har feira kvinnedagen i nylaga tradisjonelle drakter den 8. Mars. Dette føregjekk på festplassen i byen med 17. mai faktorar, her var talar og musikk, og masse lange tog med feststemte afrikanske damer. Som du kanskje forstår er kvinnedagen her i Kamerun på langt nær det same som i Noreg. Kampen for likestilling og synet ein har på kvinner kan mest ikkje samanliknas med situasjonen heime, og den eine dagen i året kor dette verkelig kan være eit tema blir difor endå viktigare. Diverre kan det verke som ein har fått litt feil fokus her, det viktigaste for damene denne dagen er ofte at mennene deira skal kjøpe kjole i årets kvinnedagstoff, og elles nyttar mange seg av dagens fridom til å gå ut og drikke seg fulle på kvelden, akkurat som mennene plar å gjera. Sjølve dagen kan altså bety så mangt, men feiringa var det ingenting å utsetja på. Som dei einaste kvite blant fleire tusen kamerunarar fekk vi nok merksemd, vi kledde oss opp og gjekk i tog og hadde det i det heile tatt veldig kjekt.

**CHRISC på Dang**

CHRISC er eit samarbeid mellom KRIK i Noreg og Strømmestiftelsen. Dei jobbar i Noreg, Kenya, Tanzania, Rwanda, Uganda og Polen og har som mål å kunne nå ungdom gjennom idrett. I teorien fins det ikkje CHRISC her i Kamerun, trass mange forsøk har ein ikkje hatt muligheit til å ha eit tett samarbeid med KRIK Noreg og Kamerun. Dette stoppar heldigvis ikkje dei to ledarane for det dei like så greitt kallar CHRISC på Universitetsområdet Dang: Donald og Erik. Dette er to karer fulle av arbeidslyst og engasjement, og dei har gjort CHRISC på Dang til den kjekkaste aktiviteten vi er med på. Då vi kvitingar møtte opp på fotballøkka med eit volleyballnett sette dei i gong å lage volleyballbane, dei skaffa øks til å hogge stolpar og litt kritt til å merke bana med. Vi tok med ein gammal, men god, freesbee og dei fekk engasjert ein haug med ungdom til å lære ultimate freesbee, sjølv om ein gjerne er ganske skeptisk til alt anna sport enn fotball og basket. Dei styrer i vei, ordnar turneringar, har andaktar og bøn på CHRISC som dei styrer to gonger i veka, og ynskjer å starte bibelgrupper for ungdommane der. No kjem det nærare femti travle studentar kvar gong på CHRISC, og vi har det like kjekt veke etter veke. Det er kjekt å kunne få fortelje Klepp om to gutar som har imponert oss med engasjementet sitt.



Vi skal gjennom dette året følge Brit Hodne (18 år fra Kleppe) som gjennom Hald Internasjonale Senter er i Ngoundéré, Kamerun fra oktober til april.

britikamerun.blogspot.com.















## KAMERUN



Tidl. Fransk koloni
Folketall: ca. 19 000 000
Hovedstad: Yaoundé
Styreform: republikk
Statsoverhode: President Paul Biya
Språk: fransk, engelsk og ca. 280 lokale språk
Religion: ca. 20 % muslimer, 40 % kristne og 20 % tradisjonelle religioner
Hiv/aids: 5,1 %


Hei! Det er viktig å se godt, særlig når vi skal opp i tårnet


Agenten sier kodeordet og får sitt agentbevis


Konsentrasjon og iver


Sang og dans, øving til gudstjenesten


Løsningsordet finnes i et bibelvers


Øving til gudstjeneste. Sang og dans i midtgangen

Siste helga i januar arrangerte vi i for første gang Tårnagenthelg for 8 åringene i Klepp og Bore kyrkjelyd. Til sammen var vi 60 unger og godt over 20 ledere. Det ble en kjempesuksess!

Ungene koste seg mens de løste mysterier og oppdaget nye steder og ting i kirka si.
Vi spiste pizza, lærte Tårnagentsang og hadde Agentnavn. Høydepunktet for mange vil nok være når vi gikk opp i tårnet og undersøkte klokka godt og nøye.
Alt i alt to meget vellykka dager! Dere som går i 2. klasse nå, kan bare glede seg til neste år!
:
Karsten Degnes

Foto Bore: Einar Egeland, Foto Klepp: Arild Vik


Agenter får informasjon om skattejakten


En agent leser i lag med Andreas prest


Agenter blir sultne og pizza var populært


Tårnagentsangen med to breakere i front


Jeg vet svaret!


Engelen kom til Maria og Josef


Oppdrag skattejakt


Tårnagentsangen synges for full hals


Ingen tvil. Vi er på tårnagenthelg


Agentene setter fingeravtrykk ved navnet sitt

# TÅRNAGENT HELG



Klokka



Framføring av tårnagentsangen



Alle tårnagentene fra og med agent 001 til 022 får bok



De siste instruksene før gudstjenesten



Tårnagentene synger på søndagens gudstjeneste



Pizzakø



Junhild på post med spørsmål om dåpen



Kuult å få ringe i klokka



Tårnagenter sammen med Karsten og Torunn Renate i aksjon

# Salmetoppen

**SALMETOPPEN 2 vart gjennomførd torsdag 3.3. i Klepp kyrkje der Hilde Svela var kveldens hovudgjest og ga ein "minikonsert" medan stemmene vart opptalde.**

**Reidar Kydland spelte kornett på nokre av salmane. Bore Musikklag var også med.**
**På biletet ser vi dessutan Kyrkjemusikalsk utval i Klepp som arrangerer desse kveldane.**



*Frå venstre: Reidar Kydland, Miriam Slettebø, Geir Myklebust, Aslaug Rydland, kantor Anne Jordheim og Hilde Svela.*

| 10 PÅ TOPP 3. mars | Plassering 10. febr. |
|---|---|
| 1. Bred dina vida vingar | Ny |
| 2. Bare på grunn av din nåde | ( 8 ) |
| 3. Deg å få skode | ( 2 ) |
| 4. Navnet Jesus blekner aldri | ( 1 ) |
| 5. Der det nye livet lever | Ny |
| 6. Det er makt i de foldede hender | ( 3 ) |
| 7. Ja, engang mine øyne skal | ( 5 ) |
| 8. Dine løfter er mange | ( 4 ) |
| 9. Salige visshet | Ny |
| 10. Blott en dag | ( 6 ) |

**Send inn din favorittsalme og bli med i trekking av ein CD.**

**Brev: Kyrkjekontoret, Kleppevarden 2, 4358 Kleppe**

**E-post: anne.j@klepp-kirken.no**

**SMS:480 59 844**

Om lag 60 stemmesetlar vart opptalde begge kveldane. Alle får setje 5 kryss og på den måten stemme fram sine favorittar.

59 personar har til no levert inn sin favoritt-salme og vore med i trekking av to CDar.
Vinnar fyrste kvelden var
**Eli Mæland** og andre kvelden **Inger Marie A. Braut**.

**Kvar kveld vil 5 nye salmar utfordre dei 10 på lista.**

## Neste **SALMETOPPEN**
onsdag 13.4. i Bore kyrkje kl.1900

saman med **Ungdomskoret HÅP** og dirigent **Arne Tveranger.**

Hans favorittsalme er ***"Blå salme"***
av Erik Bye og Henning Sommerro.

***Arrangør: Kyrkjemusikalsk utval i Klepp***



# Kyrkjevalet 2011

12. september vert det soknerådsval - same dag som kommunestyrevalet. Nominasjonskomitéane i dei ulike sokna er i gang med arbeidet sitt, men dersom du har innspel på aktuelle kandidatar kan du ta kontakt med leiar for nominasjonskomitéen i dei ulike sokna:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bore sokn: | Hans Voll | 952 81 560 | ha-voll@online.no |
| Klepp Sokn: | Elfrid Friestad Bergseth | 478 16 620 | rbergset@online.no |
| Orre Sokn: | Jarle Minnesjord | 970 66 145 | jarle.minnesjord@klepp-kirken.no |

Innspela må koma innan 5.april til Klepp sokn, 15.april til Bore og Orre sokn.

Det er og mogeleg å stilla med komplett kandidatliste.

Desse kriteria må vere oppfylt:
**§ 7 Kandidatlister (vallister)**

**§ 7.1 Lister med framlegg til kandidatar:**
**a) skal vera komne inn til leiaren av soknerådet seinast *1.mai 2011,***
**b) skal vera eigenhendig underskrivne av 10 røysteføre *forslagsstillarar,***
**c) skal oppgje tydeleg kva val det gjeld (namn på sokn, gruppe og valdato), og ha namna på *forslagsstillarane* som overskrift (framfor namna på kandidatane),**
**d) skal oppgje ein *tillitsvald* blant *forslagsstillarane* som soknerådet kan venda seg til ved drøftingar om listeframlegget,**
**e) skal ha kandidatar oppførte med fornamn, eventuelt mellomnamn, etternamn og alder, og – i den grad ein ønskjer det for å unngå forveksling – med adresse og yrke/stilling,**
**f) bør ha minst 40 % representasjon av kvart kjønn blant dei kandidatane som det er gjort framlegg om på kvar liste,**
**g) skal ha kandidatane sette opp i prioritert rekkjefølgje,**
**h) bør ha minst 20 % representasjon av ungdom under 30 år.**

Meir informasjon finn du på **www.kyrkjevalet.no**



## Fuglen syng om våren

**Fuglen syng om våren
frå den nakne kvist.
Tonen ut blir boren
om den Herre Krist.
Han som kjenner alle
kjennast vil av oss.
Treet er ein kross.**

**Blomen kjem om våren
på den nakne kvist.
Fargen ut blir boren,
speglar Jesus Krist.
Han som ljos i verda
er for alle oss.
Treet er ein kross.**




Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2011

# No er livet betre

**Då mamma fekk lån til å starte ei grønsaksbu, fekk Yohana (14) eit heilt nytt liv.**

Yohana (14) er i si eiga verd medan han traskar ved sida av mor si. Det er tidleg om morgonen, og han er trøtt. Dei skal gå langt for å hente grønsaker til bua på torget.

– Eg hjelper mamma med jobben morgon og kveld. Det er ei glede. Ho gir meg skulepengar, slik at eg kan få utdanning, fortel Yohana. Han bur saman med mor si og tre søsken i landsbyen Chunya i Tanzania. For to år sidan vart mora med i ei VICOBA-gruppe gjennom Kirkens Nødhjelp.

– Då vart livet betre. No har vi råd til mat, klede og skule, fortel den unge guten.

**Skaper forandring**

VICOBA (Village Community Banks) er spare- og lånegrupper der medlemmene sparer små beløp kvar månad. Pengane blir samla i ein pott, og medlemmene får høve til å ta opp smålån for å investere i inntektsgivande arbeid og ei betre framtid.

– Vi starta arbeidet med VICOBA i 2006. I dag er det over tusen registrerte VICOBA-grupper, fortel Godfrey Walalaze, Kirkens Nødhjelps programrådgiver i Tanzania.

Det er medlemmene sjølve som eig "banken". Rentene på låna som blir tekne opp, kjem alle eigarane til gode. Slik går overskotet frå prosjektet tilbake til lokalsamfunna. Kirkens Nødhjelp støtter VICOBA-gruppene med opplæring i tillegg til bankboksar og anna materiell.

– Eg blir stadig imponert av menneske som før ikkje har hatt ressursar til å gjere noko ut av livet sitt, men som no reiser seg på VICOBA-møta og fortel den eine suksesshistorien etter den andre: om at dei kan halde barna i skulen, om at dei har skapt seg eit levebrød, og at dei tener pengar, fortel Walalaze.

**Viktige forsamlingar**

I Tanzania er kyrkja ein naturleg stad å møtast for å ta tak i utfordringar i kvardagslivet. Mange som har vorte med i ei VICOBA-gruppe har hørt om arbeidet gjennom den lokale forsamlinga si, og mange VICOBA-grupper har òg møta sine i kyrkja, sjølv om VICOBA er eit prosjekt på tvers av religionar.

- VICOBA gir menneske styrke til å tenkje gjennom kva dei treng, og korleis dei kan få tak i det. Ansvaret blir lagt i hendene deira, men vi kan gi dei kunnskap og støtte til å stå opp for sitt eige liv. Vi opplever at VICOBA-gruppene tenner voner, seier Walalaze.

**Salatblad og utdanning**

Yohana og mora er framme hos bonden der dei skal hente grønsakene. Den unge guten har draumane klare for framtida:

– Ettersom mor mi er med i VICOBA, kan eg studere, viss eg jobbar hardt for det. Eg har lyst til å bli politi. Eller jobbe for at landet skal bli meir rettferdig. Demokrati er viktig. Eg vil vere med å gjere Tanzania til ein god stad å leve for mange.

I dag er det salatblad som skal berast tilbake til torget. Flaks! Stort volum, men lett å bere. Yohana smiler og myser mot sola. Denne dagen skal bli god.

# 10. – 12. april

## KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON 2011

***Faktaboks***

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 10.–12. april
– Over éin milliard menneske lever i ekstrem fattigdom. Urettferd tek menneskeliv kvar dag. I år set Kirkens Nødhjelps fasteaksjon søkjelyset på økonomisk rettferd. Saman kan vi kjempe for ei framtid utan fattigdom.

– Det er forsamlingar landet rundt som står for gjennomføringa av Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Her hos oss er det konfirmantane som er bøssebærarar.  Pengane som blir samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.

**I Klepp kjem vi rundt på ettermiddagen 12.april**







# Gudstenester

## KLEPP KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

**03.04.** Lovsangsgudsteneste med dåp og nattverd. Håp deltek. Andreas Haarr. Søndagsskule. Offer Normisjonen

**10.04.** Familiegudsteneste med dåp. Avslutning dåpsskulen. Andreas Haarr, Anne Jordheim. Offer menighetsarbeidet.

**17.04.** Palmesundag. Gudsteneste med dåp. Jens Olav Mæland, Anne Jordheim. Søndagsskule. Offer Hald bibelskule.

**21.04.** Skjærtorsdag kl.19.00. Nattverd. Andreas haarr, Anne Jordheim

**22.04.** Langfredag. Pasjonsgudstenste. Andreas Haarr, Anne Jordheim.

**24.04.** Påskedag. Høgtidsgudsteneste med dåp.Andreas Haarr, Anne Jordheim. Søndagsskule.

**01.05.** Familiegudsteneste med dåp. Utdeling 4-årsbibel.Andreas Haarr, Arne Hadland.offer KIA.

**08.05.** Konfirmasjon kl.1030 og 12.30. Karsten Degnes, Anne Jordheim. Offer ungdomsarbeidet.

**14.05.** Konfirmasjon kl.1030 og 12.30. Karsten Degnes, Anne Jordheim. Offer ungdomsarbeidet.

**15.05.** Konfirmasjon kl.1030 og 12.30. Karsten Degnes, Anne Jordheim. Offer Ungdomsarbeidet.

**17.05.** Familiegudsteneste kl.1000. Speidarane deltek. Andreas Haarr, Anne Jordheim.Offer Sjømanskyrkja.

**22.05.** Gudsteneste med dåp. Andreas Haarr, Arne Hadland. Søndagsskule. Offer menighetsarbeidet.

**29.05.** Tomasmesse, bønevandring og nattverd.Andreas Haarr, Anne Jordheim. Offer Misjonshøgskulen.

**05.06.** Friluftsgudsteneste i Kleppeloen. Klepp skulekorsps deltek. Andreas Haarr, Ove Byberg m.fl. Offer ny kyrkje på Klepp.

**12.06.** Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd. Andreas Haarr og Anne Jordheim. Søndagsskule.
Offer til Crux Oppfølgningssenter

## BORE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

**03.04.** Gudsteneste med nattverd. Jarle Minnesjord og Elling Hodne. Offer: Kirkens SOS. Sundagsskule.

**10.04.** Ikkje gudsteneste. Kulturkvelds kl 19.00. Sjå eiga annonse.

**17.04.** Familiegudsteneste med dåp. Palmesundag. Junhild Frøyshovog Torunn Renate Bore, Åsmund Steinnes og Ove Byberg. Offer: Menighetsarbeidet.

**21.04.** kl 19.00 Skjærtorsdag. Gudsteneste med nattverd/påskemåltid. Åsmund Steinnes og Ove Byberg, Hans Voll.

**22.04.** Langfredagsgudsteneste. Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

**24.04.** Høgtidsgudsteneste påskedag. Nattverd. Åsmund Steinnes og Ove Byberg. Offer: Menighetsarbeidet.

**27.04.** kl 18.00 Samtalegudsteneste med konfirmantane. kateket Karsten Degnes, Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

**01.05.** Familiegudsteneste med speidarane. Junhild Frøyshov og Torunn Renate Bore, Åsmund Steinnes og Anne Jordheim. Offer: KFUM-KFUK Bore-prosjektet

**07.05.** kl 10.30 og 12.30. Konfirmasjons-gudstenester kateket Karsten Degnes og Ove Byberg. Offer: Menighetsarbeidet.

**08.05.** kl 10.30 og 12.30. Konfirmasjons-gudstenester kateket Karsten Degnes og Ove Byberg. Offer: Menighetsarbeidet.

**15.05.** kl 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Åsmund Steinnes og Ove Byberg. Offer: Menighetsarbeidet.

**17.05.** kl 10.00 Familiegudsteneste. Åsmund Steinnes og Ove Byberg. Offer: Kirkens Nødhjelp

**22.05.** G2 Ungdomskoret Håp blir med. Nattverd. Åsmund Steinnes og Ove Byberg. Offer: Menighetsarbeidet. Sundagsskule. Bil-rebusløp etter gudstenesta.

**29.05.** Familiegudsteneste med dåp. 4-års-bok. Junhild Frøyshov og Torunn Renate Bore, Åsmund Steinnes og Ove Byberg. Offer: NMS misjonsprosjekt, Kamerun.

**02.06.** kl 19.00 Kristi himmelfartsdag. Lovsangskveld. "Gloria". Åsmund Steinnes og Ove Byberg. Offer: Menighetsarbeidet.

**05.06.** Felles gudsteneste i Loen

**12.06.** Høgtidsgudsteneste pinsedag. Nattverd. Åsmund Steinnes og Ove Byberg. Offer Utstein pilgrimsgard.

## ORRE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

**03.04.** Gudsteneste med nattverd. Offer til Menighetsfakultetet. Åsmund Steinnes og Arne Hadland

**17.04.** Palmesøndag. Familiegudsteneste med dåp. Barnekoret syng. Offer til ny menighetssal. Jarle Minnesjord og Arne Hadland

**21.04.** Skjærtorsdagsgudsteneste med nattverd. Åsmund Steinnes og Arne Hadland.

**24.04.** Påskefrokost kl. 10.00. Frokost serveres. Kl. 11:00 Påskedagsgudtjeneste med dåp. Jarle Minnesjord og Arne Hadland. Offer til Israelsmisjonen.

**08.05.** Konfirmasjonsgudsteneste med dåp. Offer til ny menighetssal. Jarle Minnesjord og Arne Hadland.

**17.05.** Familiegudsteneste. Offer til Redd barna. Jarle Minnesjord og Arne Hadland.

**29.05.** Familiegudsteneste med dåp. Avslutning med dåpsskulen. Offer til menighetsarbeidet. Jarle Minnesjord og Arne Hadland.

**02.06.** Kristi himmelfartsdag. Gudsteneste med nattverd. Offer KFUK-KFUM speidarane. Andreas Haarr og Arne Hadland.

**12.06.** Pinsedag. Gudsteneste med nattverd. Offer til Kirkens SOS i Rogaland. Kyrkjekaffi. Jarle Minnesjord og Arne Hadland.



### Kirkeskyss

Klepp Kyrkje:
Ring Pauline Braut
tlf. 51 42 52 03

Orre Kyrkje:
Ring Astrid Voll
tlf. 51 42 87 49

Frøyland og Orstad Kyrkjelyd:
Ring kontoret:
tlf. 52 97 31 50

# Tekstane

**03. april. 4. søndag i faste (Midtfaste)**
Joh 6,1-15. 5 Mos 8,1-3 1. Joh 5,11-15

**10. april. 5. søndag i faste**
Joh 11,45-53 3. Mos 4,13-20 Hebr 9,11-15

**17. april. Palmesøndag**
Joh 12,1-13. Sak 9,9-10 Fil 2,5-11

**21. april. Skjærtorsdag**
Luk 22,14-20 2. Mos 12,3-8.11 1. Kor 10,16-17

**22. april. Langfredag**
Luk 22,39-23,46

**23. april. Påskenatt/ottesang**
Mark 16,1-8. 2. Mos 14,1-22 Kol 3,1-4

**24. april. Påskedag**
Matt 28,1-8. Sal 118,14-24. 1. Kor 15,1-11

**25. april. Andre påskedag**
Luk 24,13-35 Jona 2,1-11 Apg 10,34-43

**01. mai**
**1. søndag etter påske**
Joh 20,19-31. Jes 43,10-13. 1. Kor 15,53-57

**1. mai**
**(1. mai-gudstjeneste)**
Am 5,14-15. Luk 6,36-38 1. Joh 4,16-21

**08. mai**
**2. søndag etter påske**
Joh 10,11-16 Esek 34,11-16a. 1. Pet 2,21b-25

**15. mai**
**3. søndag etter påske**
Joh 16,16-22 Jes 43,16-19 Hebr 13,12-16

**17. mai (Grunnlovsdag)**
Luk 1,50-53. Sal 127,1-2 Fil 4,8-9

**22. mai.**
**4. søndag etter påske**
Joh 16,5-15. Esek 36,26-28 Jak 1,17-21

**29. mai**
**5. søndag etter påske**
Ef 3,14-21. Jer 29,11-14a Joh 16,23b-28

**02. juni**
**Kristi himmelfartsdag**
Luk 24,46-53 Dan 7,13-14 Apg 2,32-36

**05. juni**
**6. søndag etter påske**
Joh 15,26-16,4a Hag 2,3-9 1. Pet 4,7-11

**11. juni. Pinseaften**
Joh 7,37-39. Jes 55,1-3. 1. Kor 12,7-13

**12. juni. Pinsedag**
Apg 2,1-11. Joh 14,23-29 1 1. Mos 11,1-9

## FRØYLAND OG ORSTAD

(Alle gudstenester startar 10.30 der anna ikkje er oppført)

**03.04.** Gudsteneste med dåp. Storsamling – safari. Sigve Ims

**10.04.** Gudsteneste med nattverd. Just Salvesen / Sigve Ims

**22.04.** Langfredagsgudsteneste. Sigve Ims

**24.04.** Festgudstenste kl. 18:00. Sigve Ims

**01.05.** Gudsteneste med dåp. Sigve Ims/Oddny Hetland

**08.05.** Gudsteneste med nattverd. G-2. Sigve Ims

**17.05.** 17.mai-gudsteneste. Sigve Ims

**21.05.** Konfirmasjonsgudsteneste kl. 12:00 Sigve Ims / Just Salvesen

**22.05.** Konfirmasjonsgudsteneste kl. 10:30 og 12:30 Sigve Ims / Just Salvesen

**29.05.** Gudsteneste med dåp. Storsamling – minimusikal – Safari. Sigve Ims

**12.06.** Gudsteneste med dåp. Sigve Ims

## KLEPP STASJON

Gudstjenester på Klepp stasjon kyrkjelyd, Engelsvoll skule, kl. 11.00 Kraftgjengen, Barnas gudsteneste.

**03.04.** Gudsteneste ”Teikn og under skal fylgje dei som trur” Apg 19,11-20 m. Frode Helvig. Nattverd

**07.04.** Temakveld på Stasjonen kl. 19.30 ”Teikn og under sin plass i misjon i dag” m. Terje Høyland
*”Det vil bli mulighet til å stille et hvilket som helst spørsmål. Ingen spørsmål sjokkerer, fordi vi har også stilt oss mange slike…”*

**17.04.** Generasjons-gudsteneste. Jesus rir inn i Jerusalem. Joh 12,1-13. m.Helga Fykse frå Willow Creek Norge. Nattverd

**01.05.** Gudsteneste. Tema: ”Jesus lever i dag” Joh 20,19-31 m.Sølve Salte

**15.05.** Gudsteneste m. nattverd Tema: ”Sorgen som forvandles til glede.” Joh 16,16-22 m. Laila Helvig

**29.05.** Gudsteneste m. dåp. Tema ”Be om styrke og innsikt” Ef.3,14-21 m. Sølve Salte

**12.06.** Pinsegudsteneste. Dåp og nattverd. Tema: Den Hellige Ånd Apg 2,1-11 m. Frode Helvig


Orre kyrkje


Bore kyrkje


Klepp kyrkje


Frøyland og Orstad kyrkje


Orre gamle kyrkje


Klepp stasjon kyrkjelyd

# Konfirmantar 2011

## KONFIRMANTAR KLEPP KYRKJE

**Lørdag 9. april**
**kl. 11:00**
Gudrun Varhaug

**Søndag 8. mai**
**kl. 10:30**
Maren  Bore
Andreas Braut
June Braut
Hege Dale
Andreas Espenes
Anja Aase Klungtveit
Espen Lode
Kathrine Malmin
Karen Rørtveit Myklebust
Didrik Tveit Simonsen
Haavard Skutvik Thirud
Cato Thomsen
Sunniva Thorisdottir
Kenneth Torsen
Hanne Selle Ulvang
Julie Åkesson

**12:30**
Sindri Snær Bjørnsson
Kathrine Bø
Elisabeth Ros Danielsdottir
Vilde Karin Hareland
Jørgen Gahnstrøm
Hauge
Janne Havrevold
Amalie Steen Hegre
Elisabeth Høyekvam
Vetle Jacobsen
Sander Kirketeig
Kine Kjenslie
Liv Jess Langaas
Joacim Nærland
Eivind Risa
Espen Rosland
Ann Cecilie Skretting
Preben Gausland
Stangeland
Patrick Egeland Steinnes
Lene Ziyang Aamodt
Hilde Reve Åreskjold
Mette Årsland

**Lørdag 14. mai**
**kl. 10:30**
Marthe Braut
Daniel Hauge
Kurt Hodne
Karen Marie Hove
Bjarte Hovland
Jarl Andre Ingebrigtsen
Christian Roth Jacobsen
Jørgen Ravndal Jåtten
Ingrid Kvassheim
Kaja Lagestrand
Tonje Lea
Anja Orstad Øfstebø
Jard Olav Sivertsen
Eivind Anton Sætre
Skarstein
Aleksander Storhaug
Strøm

**Kl. 12:30**
Tore Alvern
Ole Morten Dyskeland
Marius Ege
Katrine Espeland
Fuglestad
Lillian Sannerud Grannes
Eirik Grude
Jone Mæle Hansen
Susanne Damsgård
Haugsland
Ena Kjær
Ine Vesterheim Malmin
Linn Vesterheim Malmin
Steffen Nærland
Elina Helland Pedersen
Andreas Primstad
Karoline Riskjell
Mats Riveland
Hege Rødland
Ester Sandve
Linn-Kristin Svela Sandven
Fridtjof Eide Solberg
Mari Solheim
Runar Tunheim
Marius Tveter
Kåre Kristian Braut
Undheim
Bjørn Stian Vuilliomenet

**Søndag 15. mai**
**Kl. 10:30**
Veronica Anfinnsen
Amanda Blue
Ommun Braut
Mats Martin Johannes
Emilsson
Karoline Frisvoll
Børge Grødem
Anders Grude
Johan Sebastian Tjosevik
Heimvik
Hanne Hodne
Cindy Cathrine Mehus
Høyekvam
Daniel Hammervik
Husebø
Kenneth Lilleland
Daniel Nese
Even Pollestad
Veronica Skarås
Kristian Tu Storhaug
Solfrid Torkildsen
Ida Marie Njærheim Aase

**12:30**
Peder Anda
Ida Clausen
Derek Kromah  Cooper
Anastasia Efremova
Malin Grude
Stine Idland
Anna Kristine Braut
Iversen
Mona Lise Jensen
Maren Hjelmseth Kåstad
Annette Kristiansen
Fredrik Larsen
Even Løge
Kristina Marie Salte Lura
Karl Mæland
Eirik Kvia Reime
Torstein Stava
Camilla Ingebrigtsen
Svinsås
Thea Tjøstheim
Martin Kint awi Ueland

# KONFIRMANTAR BORE KYRKJE

**Lørdag 7. mai**
**kl. 10:30**
Asbjørn Bersagel
Vegard Borsheim
Lena-Christina Håland
Erik Flaata Hermansen
Atle Cederløv Hodne
Eivind Nese
Gunnar Andreas Thorsen
Celine Tjessheim Walde

**Kl. 12:30**
Sem-Christian Askvig
Kristian Avlesbug
Marlen Thorsen Bjørnsen
Anders Haugen
Roger Hole
Tarjei Storaas Johansen
Maren Gilje Nordås
Tore Øvregård
Marte Sunde

**Søndag 8. mai**
**Kl. 10:30**
Nora Langvik Flåten
Jane Hodne
Magnus Horpestad
Cassandra Lea
Hilde Lode
Rebekka Nesse
Elisabeth Ødegård
Anette Skår Osen
Jon Stangeland
Joakim Sunde

**Kl. 12:30**
Heidi Christine Bellamey
Joachim Eriksen
Morten Hagen
Emilie Renate Hansen
Julie Marie Mehus
Glenn-Tore Reve Rosbakk
Bjørnar Saurdal
Karita Ree Sola
Line Solem
Kristian Thomassen
Jan Åge Westergård

**Søndag 15. mai**
**kl. 11:00**
Tobias Meling Berge
Linn Lode Engelsgjerd
Pål Joar Hole
Anita Karlson
Maiken D. Morales
Jone Hansen Sæland
Silje Sælør
Maren Vignes Sele
Sondre Sele
Marcus David Selvåg
Preben Sletten
Glenn Torland

# KONFIRMANTER ORRE KYRKJE

**Søndag 8. mai.**
**kl. 11:00**
Alf Bjørnar Bekkeheien
Tollef Bilstad
Solveig Erga
Espen Håland
Lena Høiland
Andreas Løland Kestilæ
Åsa Kyllingstad
Hanne Berg Lian
Gunhild Paulsen
Miriam Rosland
Lise Rosland
Åshild Stensland
Mona Undheim.

Bli med på en historisk pilegrimsreise fra Stavanger til Nidaros!

# PILEGRIMSSEILAS MED M/S GANN









23. – 31. juli 2011

*"Norge er en kystnasjon, og kystleia har vært landets viktigste ferdselsvei gjennom årtusener. Derfor har kystleia også vært den viktigste pilegrimsveien for de som har søkt våre hellige steder. En pilegrimsferd med M/S Gann langs Vestlandskysten til Nidaros vil være en opplevelsesreise med besøk til noen av våre viktigste historiske helligsteder. Den vil gi mulighet for innlevelse og fordypning i de behov og den åndelige søken som drev pilegrimer ut på lange og farefulle reiser."*

INFO & PÅMELDING

www.gann.no
+47 51 85 48 70

TUREN ARRANGERES I SAMARBEID MED STAVANGER BISPEDØMME

# PÅ VEG MOT NY KYRKJE PÅ KLEPPE


Kor skal eg gå?

På med lue, skjerf og vottar. Og overtrekksbukse. For dette kan bli kaldt. Gradene er ein del under null og vinden er sterk og sur. Men motet er på topp.
For dei neste par timane skal vi ut på husbesøk og informera om ny kyrkje på Kleppe og dessutan selja lodd.
Sjølv om det er friskt ute, er mottakinga for det aller meste varm og god.
- Kom inn og få ein kopp kaffi.
- Dessverre nei, takk. Vi må vidare til neste hus. Men takk for omtanken.
Det er ikkje så ofte folk frå kyrkja går på husbesøk. Så det hender nok at vi vert tekne for å vera mormonarar eller Jehovas Vitne. Men praten kjem fort på glid. Ein hundrelapp til lodd her, ein femtilapp der. Nei, takk her, ein femhundrelapp der. Dette er jo ganske kjekt.
Kanskje litt ulyst før vi kom i gang, men så løsna det. Og tida går fort. Slik er det gjerne når ein treff på hyggelege folk. Og dei er det mange av i Klepp.
Sjølvsagt er det ikkje alle som ser at det faktisk er bruk for ei ny og større kyrkje. Men overraskande mange har tatt poenget.
Vel tilbake i kyrkjestova er opptellinga i gang. Vår lille bekk blir til ei større å. Vi får alle vera med på løpet mot eit felles mål om ny kyrkje. Nokre med beina, nokre med å organisera kart mm og nokre med å kjøpa lodd.
Jo då, vi er på veg.

L.S.Hovtun
mars 2011


Opptelljing

## 2. PÅSKEDAG

## GUDSTENESTE OG PILEGRIMSVANDRING.

## FELLES FOR ALLE KYRKJELYDANE I JÆREN PROSTI

2. påskedag, 25. april 2011 kl. 11.00 vert det gudsteneste og pilegrimsvandring langs Kongevegen.

Me møter fram ved Stefanuskyrkja, og har ei kort gudsteneste der, før vi går langs Kongevegen til Kristkrossen på Njærheim.

Gudstenesta vert ved Kjell Børge Tjemsland.
Pilegrimsvandringa vert leia av Thomas Peter Randulff.
Turen passar også for større born og vogn.

Ta med mat og drikke, samt gode klede.



**Kvernaland Elektriske a-s**
Bedriftsv. 9, 4353 Klepp st. • Org.nr. NO 980 416 208
TLF. 51 78 91 00 • FAX 51 78 91 01

**Angus Håland Kjøtt**
KVALITET OG KUNNSKAP
Kleppe - Tlf: 51 78 69 50
www.haland-kjott.no

**Stavanger Aftenblad**
nyttig hver dag

**Byggmester Arnfinn Tveita**
Rishagen 20, 4352 Kleppe
Tlf. 51 42 54 76

**Leif Harbo Maskinstasjon**
Fjogstadv. 105, 4352 Kleppe, 95031724.

**MOI A/S**

**Krogedal Begravelsesbyrå**
DØGNVAKT 51 42 78 00

**KLEPP SPAREBANK**
Enkelt og greit

**Urmaker Odd Magne Håland & Co**
Jærveien 504, 4352 Kleppe
Tlf. 51 42 52 62

**Klepp Fotklinikk**
Kari Tjåland Sandvik

**Malm Orstad as**
hydraulikk – maskinering

**Hodne Gartneri as**
Kalanchoe QUEEN
Lars Tjøttasvei 41
4340 BRYNE
NORWAY
Tel: (-47-) 51426225
Mob: (-47-) 91585828
Fax: (-47-) 51426207
e-post: hgartner@online.no

**HE Hatteland Elektriske AS**

**Coop klepp**

**TINE**
TINE Meieriet Sør

**HOFF**
Hoff Norske Potetindustrier Jæren AL

**Braut Planteskule**
PLANTESENTER OG BLOMSTERBUTIKK
Jærveien 559, 4352 Kleppe. Tlf. 51 42 13 55

**Klepp Auto Bilverksted**
Kjøpmannsbrotet 9, 4352 Kleppe • Tlf. 51 78 60 60 • Fax 51 78 60 70
Godkjent for EU-kontroll

**Bryne Begravelsesbyrå**
Tlf.: 51 77 80 80
Vi ønsker å bidra til en verdig gravferd
BEGRAVELSESBYRÅENES FORUM
www.brynebbyraa.no
Reeveien 34, 4340 Bryne
Døgnvakt

**FARGERIKE**
FARGERIKE Bygg/Miljø
Maling • Tapet • Tepper • Gulvbelegg

**Jæren Data**
Vigdelsveien 640, 4054 Tjelta

**Koinonia**
KOINONIA BOK OG MUSIKK
Motehuset Bryne Torg - Storgata 10-12 - 4340 Bryne - Tlf: 51 48 65 20

**BRYNE RØR AS**
Skulegata 9, 4340 Bryne
Internett: www.bryneror.no
E-mail: post@bryneror.no

**DITT LOKALE BYGGEFIRMA**
Grude Bygg driver med:
• Renovering av alle typer bygg
• Bygging av eneboliger/rekkehus, landbruksbygg, industribygg og barnehager

**GRUDE BYGG**
NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER
Bedriftsvegen 35, Klepp st.
Tlf. 51 79 98 50 • Mob. 908 32 061
Post@grudebygg.no • www.grudebygg.no

**Sele Auto as**
Tlf. 51 42 32 73 Selev. 4, 4345 Voll

Block Berge
Vi Tar Ansvar
4353 Klepp st. • Telefon 51 78 99 00 • Telefax 51 78 99 01

fagmøbler®
Fagmøbler Jæren
Møbelbutikken på Kleppe
Tlf. 51 48 15 30
Åpningstider: 10-19 og 10-14

FARSTAD catering
Tlf. 51 48 21 82

Clip Styling Frisør
Kyrkjebakken 2, Kleppe
Tlf. 51 42 15 69

BOKSTOVÅ TE STEINSKOG
Ta turen innom! Kyrkjebakken 2B i Kleppekrossen
Telefon: 97 72 68 04 eller 92 64 15 02

Seland Optikk interlens
SANDNES • SOLA • KLEPP

KLepp TrafikkskoLe .no
tlf. 51 42 75 05

Fermate – et sted for frihet og forandring

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Samtaler kan avtales på tlf.: **467 46 670** eller e-post: **fermaterogaland@emmaus.no**

Et samarbeid mellom Bethaniastiftelsen, Diakonova og Normisjon.

**Besøksadr.: Hoveveien 38, 4306 Sandnes**

idereiser as
reise- & turoperatør
Anne Kari Tveit Fossen
tlf. 51 42 57 44,
Verdalsv. 28, Kleppe

BR-BYGG
Nybygg og rehabilitering
mob. 908 70 412

Sele Gjødseltransport AS
Rindavn. 160 – 4354 Voll
Mob. 959 71 737

FAGBUTIKKEN MED SERVICE
MALING BELEGG TEPPER TAPETER
GRUPPETEPPER LØPERE SOLSKJERMING
Åpent: 9-18 (14)
FARGERIKE® ROSLAND
KÅSEN • BRYNE • TLF. 51 42 60 15

PARADIS
HUDPLEIESALONG
Idrettsv. 1 – 4352 Kleppe – tlf. 51 42 08 61
Gavekort – ryggmassasje – hull i ørene
– D-tox fotbad - hårfjerning

alt i graving og løing
Erga Maskin AS
Brautveien 401
4343 ORRE
Telefaks 51 43 43 68
Bent Erga 970 80 243
Cato Utbjoa 976 00 616
Ftn. NO 979 281 013 mva

Tre prosjekt
spesialinnredning og corian®

Aase Gartneri AS
Tlf. 51 42 86 15

ALERIS UNGPLAN er en del av Aleris konsernet med virksomhet i Norge, Sverige og Danmark. Konsernet har over 6000 ansatte. Aleris Ungplan arbeider på oppdrag fra offentlige etater med konsulenttjenester, behandling og tiltaksutvikling innen barnevern. Aleris Ungplan består av 6 regioner fordelt over hele landet. Vår region i Sør har over 80 ansatte fordelt på regionkontor, familiehjem og turnustiltak.

FAMILIEHJEM
Grunnet økende oppdragsmengde, utvider Aleris Ungplan sin virksomhet til Rogaland. I den forbindelse søker vi etter stabile hjem, med trygge voksne omsorgspersoner som har sans for ungdom. Dere kan ha egne barn eller barn som har flyttet ut, dere kan være hjemmearbeidende eller i jobb. Erfaring med ungdom eller denne typen arbeid er en fordel.
Aleris Ungplan gir tett oppfølging fra faste familiehjemsveiledere, og bistår med nødvendige forsterkningstiltak i og rundt familiehjemmene etter behov. Tilgjengelige fagkonsulenter hele døgnet. Fagsamlinger/temakvelder.
Aleris Ungplan tilbyr gode arbeidsforhold og utviklingsmuligheter.
For alle stillinger kreves det gyldig politiattest.

Interesserte kan henvende seg til familiehjemsveileder Guro S. Vigrestad tlf: 93418656, e-post:guro.synnove.vigrestad@aleris.no, eller familiehjemsveileder Tina Salte Rosland tlf: 99701790, e-post: tina.salte.rosland@aleris.no.

Aleris UNGPLAN

## Vi bidrar til restaureringen av Orre gamle kirke.

Helge Schjelderup sivilarkitekter MNAL as
Murmestrene Garpestad & Gausland AS
Malermestrene Sørensen & Syrstad AS
Byggmester Jens Gerlach Sørensen AS
Snekkermester/møbelkonservator Niels Noer
Arkeologisk museum i Stavanger



*avhogging av utvendig murpuss, høsten 2008*

# INFO FRÅ KLEPP KOMMUNE

**Gratis advokathjelp - Klepp rådhus**
**Kvar måndag kl. 1300 - 1500**. Tilbodet gjeld for alle innbyggjarane i Klepp kommune, og er gratis. Det kan nyttast i alle typar saker, med unntak av saker som gjeld skatte- og avgiftsrett.
**For timebestilling, og evt. spørsmål om ordninga - ring tlf. 51 42 98 00.**

**Klepp Frivilligsentral**
Kontoret finn du i midtfløyen på Fredheim, i 1 etasje. Opningstida er frå kl 9 til 14 måndag til fredag.

**Har du tid, interesser og evner som du har lyst til å dela med andre menneske?**
Klepp Frivilligsentral tilbyr deg varierte utfordringar. Du avgjer sjølv kor mykje tid du har, og kva som passar for deg. Du veit best sjølv kva du vil delta på. Me kan seie noko om kor innsatsen trengst, og inviterer deg til ein samtale om dette. Ta kontakt med Klepp frivilligsentral på tlf. 51 42 96 40, mail: aknh@klepp.kommune.no

**Møteplassen**
Ønskjer du meir innhald i kvardagen? Møteplassen er eit kulturelt fritidstilbod for menneske med ulik rusavhengighet i samarbeid med Frivillige. Det er open kafè to dagar i veka, tysdag og fredag 11.00 - 13.00 med mat og god drøs. I tillegg blir det ulike kultur og fritidsaktivitetar i løpet av våren. Maletreff, fototreff, fiske og friluftstreff og anna. Vi held til i Jærvegen 540 (tidlegare nettprint sine lokale). Bli med! Kontakt Liv Wenche, tlf 456 19 955 for meir informasjon.

**Språksprell**
Er du ny i Norge? Vil du trene på å snakke norsk? Har du lyst til å treffe folk frå Klepp? Språksprell er eit tilbod til alle i Klepp som vil øve seg i å snakke norsk saman med Frivillige i Klepp Frivilligsentral, kvar torsdag kl. 11.30 - 13.00 med felles lunsj. Kontakt Frivilligsentralen eller Thorbjørg Kristjansdottir for meir informasjon.

**Kul-tur!**
Turar med kulturelt innhald i nærmiljøet. Turane varer i 2,5 - 3 timar og vert leia av Frivillige frå Gjesdal, Time, Klepp og Hå. Ta med matpakke, klær etter vær, og gode sko. Vårens vakre turar: 12. april Særheim-Krosshaug i Klepp, 10. mai Edlandsfjellet i Gjesdal, 14. juni Veslemøys rike i Time. Kontakt Frivilligsentralen for meir informasjon.

**Full rulle!**
Trilletreff for småbarnsforeldre. Nå blir det full rulle i nærmiljøet ditt. Du er kvalifisert til å vere med andre rullande mødre og fedre på tur. Bli med på kjekke turar og utvid nettverket ditt. Vi ønskjer å starte turgupper fleire stader i kommunen. Når det er nok deltakarar ein stad startar vi opp.

**Glade hjul**
"Glade hjul" er eit tilbod til rullestolbrukarar ved institusjonane i Klepp. Ein dag i veka møtes frivillige i trillegjengen. Ved å vere fleire frivillige saman på trilleturane, blir det sosialt og triveleg. Du treng ikkje stille kvar veke, men når det passar for deg. Kvinner og menn i alle aldre er velkomne.

**Natteramn**
At vaksne viser igjen der ungdom oppheld seg, er hovudtanken bak ideen med natteramnar. Ein natteramn er ein edru vaksen som er synleg og til stades for barn og unge. Natteramnane i Klepp er i Klepp sentrum fredagskveldane og i Bryne sentrum laurdagskveldane. Vi treng fleire natteramnar - ta kontakt!

**Besøksvenn/turvenn**
Me treng fleire frivillige som ønskjer å vere besøks- eller turvenn. Besøksvennene er til hjelp og støtte for eldre og unge einslege som opplever isolasjon.

Det er mange som ønskjer nokon å dela gleder og sorger med. Me blir ofte kontakta av folk som ønskjer støtte og oppmuntring i kvardagen. Som besøksvenn får du kontakt med menneske som av ulike grunnar ønskjer nokon å snakke med. Du går på besøk, drøser om laust og fast, går på tur eller anna som begge set pris på. Ta kontakt med Frivilligsentralen for å bli Besøksvenn.

**Strandturen**
Liker du å gå på tur på stranda i lag med kjekke folk? Då kan du slå deg i lag med oss, den glade turgjengen på Orrestanda. Vi møtes tysdagar kl 10.30 ved Friluftshuset på Orre. Turen varer i omtrent ein time, og innimellom stoppar vi for litt tøy og bøy. Ta med nistepakke og drikke. Dersom du treng skyss, ta kontakt med Klepp Frivilligsentral 51 42 96 40 eller Time Frivilligsentral 905 29 346.

**Frukosthjelp på Kleppheimen**
To gonger i veka, frå kl. 0800 - 0930, hjelper frivillige frå Klepp til med å lage frukost på Kleppheimen. Vi treng fleire frivillige til dette arbeidet. Du et frukost saman med bebuarane og gir dei ein god start på dagen. Vil du vere frukosthjelp, ta kontakt med Frivilligsentralen.

**Høyr Her tenesta**
Her kan folk med høyreapparat få råd, rettleiing og praktisk hjelp av likemenn. Sal av rimelege batteri til høyreapparat. Treffa er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen og HLF Jæren.

**På Frivilligsentralen:** Høyr-Her treffa er siste onsdag i månaden - kl 1230 - ca. 1 time. Neste dato: 27. april.
**På Kleppetunet (kafeteriaen i samband med Syng med oss):** Høyr-Her treffa er første torsdag i månaden - kl 1700 - 1800. Neste dato: 7. april.

**Frivillighetssentralen låner ut:**
- Babystolar for bruk i bil; (opp til 1 år) og nett for bag.
- Mobil teleslynge
- Lydbøker
- Langrennski
- Skøyter
- Møterom på kveldstid

Utleige av:
Kano, lavo, telt
Utstyret kan leigast på Frivilligsentralen - tlf 51 42 96 40.
Ordninga er eit samarbeid mellom Klepp Sparebank og Frivilligsentralen.

**Lørdagslaget - Klepp stasjon**
Treffa er første laurdag i månaden. Du er velkommen. Kontaktperson: Kristoffer Jaarvik i tlf 51 42 39 59.

**Bore samfunnshus - eldremiddag**
Bore samfunnshus arrangerer middagskafé siste måndag i månaden. Neste dato: 30. mai. Påmelding Else Sveinsvoll tlf 51 42 03 04 eller til Torny Horpestad 51 42 04 92. Alle er hjerteleg velkomne.

**Orre samfunnshus - eldremiddag**
Me møtest første torsdagen i månaden. Middagar framover: 7. april. Tur i mai. Påmelding i god tid til kontaktperson Oddny Horpestad tlf 51 42 86 33. Alle er hjarteleg velkomne.

**Tirsdagsklubben - Orstad**
Me møtest første tysdagen i månaden frå kl 1300-1500. Neste treff: 5. april. Kontaktperson: Tordis Byberg tlf. 980 58 377. Alle er velkomne.

**Internasjonal kvinnegruppe**
Eit internasjonalt treffpunkt for alle kvinner i Klepp. Vi møtest på Kleppe skule siste tysdag i månaden frå kl 1800 - 2200. Datoar framover: 26. april og 31. mai. For meir informasjon, ta kontakt med Frivilligsentralen, eller Thorbjørg Kristjansdottir, fritid, Klepp kommune, tlf. 51 42 98 24 / 95 27 62 88.

**Karar med klype**
er ei mannfolkgruppe som held nærmiljøet reint. Me møtest siste torsdag i månaden og går ut i grupper på to og to. Etter ryddesjauen samlast me til vaflar, kaffi og drøs. Ta kontakt med Frivilligsentralen for meir informasjon.

**Leksehjelp**
Me treng leksehjelparar ved Bore skule måndagar og ved Kleppe skule tysdagar. Ein leksehjelper er ein vaksen som støtter og legg til rette for at eleven kan gjere lekser etter skuletid.

**Eldre hjelper eldre**
er ei gruppe spreke eldre som ønskjer å hjelpe eldre eller uføre i Klepp med små tenester som kjøring, handling eller små vennetenester. Hjelpa er begrensa til ein time og kostar kr 75. Dersom du treng hjelp eller ønskjer å bli med som hjelpar ta kontakt.

**Småjobb for ungdom**
Klepp frivilligsentral formidlar småjobbar som ungdom mellom 14 og 18 år utfører. Treng du hjelp til husarbeid, utearbeid eller barnevakt, ta kontakt. Ungdommane får kr. 75 pr time for arbeid, og kr. 50 pr time for barnevakt.

**Nettkafé Klepp**
Klepp frivilligsentral har nettkafé torsdagar. Målet til ein nettkafé er å få dei over 55 til å kunne bruke pc, og surfe på nettet i tillegg til å skape ein hyggeleg møteplass i nærmiljøet. Ønskjer du å bli med anten som frivillig hjelpar eller som kursdeltakar, ta kontakt med oss i Frivilligsentralen. Alle er velkomne kvar torsdag kl. 9.30 på Fredheimsloftet.

**Nybegynnarkurs i data**
Klepp Nettkafe held nybegynnarkurs i data for seniorar denne våren. Meld deg på hos Klepp Frivilligsentral.

**Slektsgransking**
Ønskjer du å lage ditt eige slektstre? Interessert i dine aner? Gjengen av slektsgranskarar møtest måndagar kl 9.30 på Fredheim. Ta med eigen pc – vi har gode frivillige hjelparar og vil ha med oss fleire.

**FREDHEIM AKTIVITETSSENTER**
**STIFTELSEN FREDHEIM – AKTIVITETAR**

**Tysdagstreff**
I samarbeid med andre lag og organisasjonar inviterer me til sosialt samvær på Stova kvar tysdag kl 1400 (ikkje første tysdag i månaden). Det er forskjellig underhaldning med bl.a. song og musikk, lysbilete og konkurransar. Etter ei god kaffistund er det trim på Loftet og i Stova. Alle er velkomne.

**Middagsservering kvar onsdag** kl 1200
Menyen veksler mellom komle, fisk og kjøt.
Påmelding/info til Liv Stangeland - tlf 90 11 51 47.

**Eldreklubb – fredagar** i stova på Fredheim
kl 1200 - 1530.
Kortspel, handarbeid og bingo. Kaffi og kaker.
Her er god plass til fleire.
Kontaktperson: Liv Pedersen – tlf 51 42 19 87.

**Seniordans**
kvar sundag kl 1730 - 1930. Alle er velkomne.
----------------------------

**Marits's hårfrisør** på Fredheim aktivitetssenter i 2. etasje har open salong kvar onsdag føremiddag. Timebestilling tlf 51 42 54 96.

**KLEPPETUNET** med oss torsdag 7. april,
5. mai og 8. juni kl 1800.
Bingo tysdag 19. april og 26. juni kl 1800.

**Andre aktivitetar**
Fullmånekonsert - Friluftshuset Orre

Måndag 18. april - Patti Lamoureux
- gitar og fele - frå Canada.

Tysdag 17. mai - Armar & Bein
- band frå Sandnes/Stavanger.

# DØYPTE

**KLEPP**

16.01.
Leif Trygve Omland
(Bryne kyrkje)

23.01.
Simone Karlstad Årdal
Johannes Bore
Tiril Undheim Johannessen

30.01.
Johannes Berget
Inger Roth

06.02.
Sivert Lyngra Gjelvik
Tobie Håland Høiland
Elise Turner
Kristoffer Eldøy Salte
(Engelsvoll skule)

13.02.
Mathias Aarsvold
Serina Viktoria Anda
Ilyas Hani
Fay Elena Hetland Hauge
Emil Paulsen

20.02.
Viktor Grude
(Engelsvoll skule)
27.02.
Christian Thue Andtbacka
Marius Kulleseid
Regine Erås Lorentzen
Adrian Sævareid
William Karlsen Sande

06.03
Lina Hadland
Linni Håland Homme
Jenny Amalie Ravndal Kvitvær
Aron Kverme Malmin

**BORE**

30.01
Thea Pollestad
Hannah Steinnes
Matias Sunde

27.02
Tobias Bore
Therese Hovet
Tarald Hovet
David Tristan Steinnes

02.03
Marcus David Selvåg

**ORRE**

20.02
Joel Minnesjord
Kasper Øgård

# VIGDE

**KLEPP**

05.03. Ida Erevik og Mads Henning Ueland

05.03. Bente Salte og Jan Arve Aune

# GRAVLAGDE

**KLEPP**

13.01.
Liv Kleppe
14.01.
Kristian Støldal
20.01.
Egil Sæterdal
08.02.
Tor Friestad
09.02.
John Tore Loen
11.02.
Ester Kristine Holm
11.02.
Kjell Martin Strømø
23.02.
Sigurd Bjørheim Christensen
03.03.
Arne Sørensen

**BORE**

04.02.
Ola Jonsen Bore
08.02.
Ingeborg Sele
16.02.
Elfrida Marie Klepp
22.02.
Harry Johan Torgersen

**ORRE**

23.02.
Marie Rosland

# TORSDAGSTREFFEN

**Torsdagstreffen er en klubb, spesielt tilrettelagt for mennesker med utviklingshemming. Vi samles en torsdag i måneden i Klepp kirke kl. 19.30-21.00. Starter med en andaktsstund i kirkerommet før vi går til menighetssalen, der vi har forskjellige aktiviteter, og hvor vi avslutter med kveldsmat. Medlemskontingent er kr. 120,- per år.**

**PROGRAM FOR VÅREN 2011**

**Torsdag 14. april**
Påskefest. Andakt ved Åsmund Steinnes

**Torsdag 9. juni**
Tur til Byberg. Andakt, grilling, leik og moro.
Avreise fra Klepp kirke kl. 17.45.

**Alle er hjertelig velkommen.**

**Kontaktperson:**
**Diakon Henny Lie Sandve,**
**51 78 95 55**

## Påskemorgen slukker sorgen

**Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
Den har oss givet lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.**

**Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.
Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!**

**Helvede vredes, himmelen gledes,
himmelen gledes med lovsang ny.
Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!**

**Sangen toner. vår Forsoner,
vår Forsoner til evig pris;
Han ville bløde for oss å møte,
for oss å møte i Paradis.
Sangen toner. vår Forsoner,
vår Forsoner til evig pris.**



# NASJONALFEST

## KLEPP RÅDHUS

## 17. MAI KL. 18.00



Tale ved Ola Hovda
Musikk ved Dag Bjørkedal

Ord for Kvelden Grethe Fiksdal

Arr: Klepp kommune og Klepp sokneråd

# FORENINGER OG LAG

**Verdalen Normisjonsforening** har møte hos Marit Lauvskar mandag 16.mai kl. 19:30

**Klepp eldre kvinneforening for NMS** har møte i menighetssalen Klepp Kyrkje kl 14:00, desse datoane våren 2010: 11. april, 9. mai og 6. juni. Velkommen til å vera med oss!

**Klepp Kvinneforening NMS** har desse møta våren 2011:
12.04. møte hos Målfrid Grude
10.05. møte hos Anne Margrete Byberg
Juni. Møte på Himmel og Hav.



## KAFFI, DRØS OG ANDAKT

I KAFETERIAEN PÅ KLEPPETUNET

En onsdag i måneden 15.30-16.30

Våren 2011:
27. april, 25. mai og 22. juni.

Andakt
Sang og musikk
Kaffi og kaker
Opplesning og annet kjekt.

Alle hjertelig velkommen!

## Funnet:

Kamé- smykke funnet ved Klepp rådhus.
Kan hentes i ekspedisjonen mellom kl 07:30 og 15:00.

Korleis har du det...
EIGENTLEG?
Krisetelefon 815 33 300
Epost-teneste: www.kirkens-sos.no
Kirkens SOS
EIT MENNESKE Å PRATE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

# MØTE

## Klepp Bedehus

**April**
01. Eldretreff kl.14.00
03. Treffpunkt IMF kl.18.00
10. Fokus kl. 10.30
10. Israelsmisjonen kl. 19.00
17. Storsamling kl. 18.00
25. Fokus kl. 10.30
25. NLM kl. 19.00

**Mai**
01. 1.mai møte
06. Eldretreff kl.14.00
08. Fokus kl. 10.30
08. Normisjon kl. 19.00
15. NLM kl. 19.00
22. Fokus kl. 10.30
22. NMS kl. 19.00
29. Israelsmisjonen 19.00

**Juni**
03. Eldretreff
05. Normisjon kl. 19.00

## Bore Bedehus

**April**
03. Møte v/Norsk samemisjon kl. 19:00
10. Søndagstreffen kl. 11:00
25. Påskefest/kveldstreffen kl. 18:00
28. NLM-basar kl. 18:30

**Mai**
08. Søndagstreffen – light kl. 11:00
12. Medlemsmøte
17. Nasjonalfest kl. 18:00
22. Kveldstreffen kl. 18:00
29. Møte v/IMF kl. 19:00

**Juni**
05. Søndagstreffen kl. 11:00

## Torsdagsskolen

**April**
07. Bore bedehus kl. 19:30

**Mai**
05. Voll bedehus kl. 19:30
26. Bore bedehus kl. 19:30

**Juni**
09. Voll bedehus kl. 19:30

## Klepp Stasjon Bedehus

**April**
03. Søndagssamling NMS kl. 16:00
10. Føremiddagsmøte NLM kl. 11:00
17. Påskemøte palmesøndag IMF kl. 18:00
22. Påskemøte IMF kl. 18:00
25. Påskemøte IMF. kl. 18:00

**Mai**
01. Søndagssamling NLM kl. 16:00
07. Vårmarknad kl. 11:00
08. Føremiddagsmøte kl. 11:00
15. Søndagsmøte NMS kl. 18:00
29. Bøn og vitnemøte kl. 18:00

**Juni**
05. Føremiddagsmøte kl. 11:00
12. Sangmøte kl. 18:00
Kveldsbøn kvar torsdag kl. 20:30

FULL DISTRIBUSJON

# Påskeljos

Jesus som sa "eg er ljoset for verda" (Joh 8,12), har ved mange høve vist at alt som dreier seg om han, er representert ved ljos. Då han vart fødd i Betlehem opplevde gjetarane at "Herrens herlegdom lyste kringom dei" (Luk 2,9). Då Jesus vart forklara for Peter, Jakob og Johannes, etter å ha teke dei med opp på eit høgt fjell, skjedde det at "andletet hans skein som sola, og kleda vart kvite som ljoset" (Matt 17,2). Ved oppstoda høyrer me også om engelen som velta steinen frå grava "var som lynet å sjå til, og kleda hans var kvite som snø" (Matt 28,3). Og då Jesus møtte Saulus på vegen til Damaskus, "stråla det brått eit ljos frå himmelen ikring han".

Kristus er ljos. Og dei som har vært i nærleiken av Kristus er prega av ljoset. For han som er den oppstadne, skaper ljos i våre hjarte. Påsken med langfredagens mørke, som går over til påskedagens oppstode og ljos, gjer at det same ljoset skin også for oss i vår verd og i våre hjarte.

Den kanskje sterkaste påskeopplevinga eg har hatt til no, var i Kina. Eg var i Hunan provins, der eg vitja medarbeidarar i det kyrkjelege arbeidet kor Det norske misjonsselskap (NMS) i si tid arbeidde. Frå provinshovudstaden Changsha reiste me ned til byen Yiyang påskeaftan i pøsande regn på skitne vegar. Sjølv om det var midt på dagen var det tungt og mørkt ute. Me gjekk tidleg til sengs den påskeaftan. Me rulla ned blendingsgardinet på det hospitset me overnatta. Påskedagmorgon famla eg meg i mørkret fram til vindauga. Idet eg rulla opp blendingsgardinet, slo eit intenst ljos og skin mot meg, som eg aldri før eller sidan har opplevd. Sola skein rett inn gjennom vindauga frå knallblå himmel. Solstrålane gjekk samstundes gjennom millionar av vassdråpar som hang på greinene på det enorme tuntreet. Vassdråpane skein intenst mot meg som funklande diamantar i alle regnbogens fargar. Det var som eit syn ovanfrå. Eg måtte skjerma augo mine for dette intense ljoset. For ei fantastisk oppleving det var å møta dette ljoset på sjølve påskedagmorgonen. Det var ei estetisk vakker oppleving, men endå meir eit syn som drog tankane mine til Jesu oppstode og påskedagen sitt ljos og glede. Eg vart fylt med stor takksemd for gleda og håpet Jesu oppstode har gjeve oss. - Sterkt var det då me etter å ha kome tilbake til Changsha, kunne delta på sjølve påskedaggudstenesta. I kyrkja gleda me oss saman med kyrkjelyden over at 8 personar vart døypte. Sanneleg, ljoset skin i mørket, og me får lov til å ta imot det.

Kvar sundag feirar me Jesu oppstode og at ljoset skin i vår verd. Ljoset møter vi i Guds ord, i gudstenesta og i møte med nesten vår. Også i dåpen i våre gudstenester, når born, unge og vaksne vert døypte, vert ljoset stadig tent i nye hjarte. "Kristus er ljoset for verda" seier vi idet eit dåpsljos vert tent i globen.

Jesus lever, og han er ljoset som skin og gjer oss håp og framtid. Samstundes seier han: "De er ljoset i verda". Difor, kom i påsken til gudstenestene i din kyrkjelyd. Då vil du få sjå meir av Han som er Ljoset, og ver du sjølv eit ljos for andre.

Ei velsigna og god påske til kvar einskild.

Kjell Børge Tjemsland, prost Jæren prosti

